

Sykkylven kommune

OSE AS
Vikegata 19 A, 6150 Ørsta
Tlf 70 04 52 20
firmapost@oseing.no

oseing.no

Dykkar ref.: Vår ref.: P1451 Dato:30.04.2019

Detaljplan Rorbu Tandstadvjørå, RO1 og NA1 – merknadsvurdering etter varsel om oppstart av planarbeid.

For detaljplan Rorbu Tandstadvjørå, RO1 og NA1 vart det varsla oppstart av planarbeid i perioden 21.12.2018 – 18.01.2019. Det har kome inn 8 fråsegner til planen. Utdrag av desse med vurdering under:

Statens vegvesen, datert 04.01.2019

Har ikkje særskilde merknader/innspel til varsla planarbeid. Nærare vurderingar og detaljar vert å kome attende til i den vidare planprosessen.

Vurdering:

Teke til vitande. Det blir lagt opp til å stette vegnormalane i ny N100.

Kystverket, datert 10.01.2019

Påpeker at hytte/orbuer, i motsetnad til naust, er einingar som normalt inneberer vatn og avlaupsløysingar. Eiga VA-plan bør difor utarbeidast og leggjast ved reguleringsplanen til høyring.

Dersom planen omfattar sjøførte leidningar må desse synleggjerast i full lengde på kartmateriellet.

Elles ingen innspel/merknadar.

Vurdering:

Teke til vitande. Løysing for VA vil kome fram av plandokumenta. Det blir ikkje lagt opp til leidningar i sjø.

Fiskeridirektoratet, datert 11.01.2019

Angående marint biologisk mangfald:

Syner til at Havforskningsinstituttet har registrert eit ålegrassamfunn like ved planområdet, om lag 15–20 meter utanfor i Sykkylvsfjorden. Dersom det gjerast tiltak i sjø må det takast omsyn til det registrerte ålegrassamfunnet.

Elles ingen andre merknadar.

Vurdering:

Tilrådinga blir teke til vitande og nytta i eventuell utforming av tiltak i sjø. Dersom ålegraseng kjem innanfor planområdet blir den markert med omsynssone naturmiljø.

Sykkylven Energi, datert 14.01.2019

Opplyser om at det kan verte konflikt mellom avstandskrav til avlaupsleidning og planlagt oppføring av rorbu. Trase for avlaupsleidning går over det aktuelle planområdet, sjå illustrasjon. Det informerast om at dette er hovudleidninga som transporterar avløp frå busetnaden i Straumgjerde og fører dette til eit silanlegg/utslepp i Øygardsvika på Tandstad. Leidninga ligg med fall på berre 5 promille og det vil såleis ikkje vere mogleg å legge ho om. Synar vidare til vedteken VA norm for Sykkylven, kor det stadfestast at det ikkje kan byggjast nærare leidninga enn 4 meter. Korleis dette kan løysast kan vurderast i samband med planfasen og plassering av rorbuer.

Utdrag frå VA Norm, lokal bestemmelse:

Minste horisontale avstand mellom byggverk og VA-leidningar skal vere 4 m frå røyrliv til bygg/fastkonstruksjon ved normal leggedjup. Unntak frå denne regelen må avklarast spesielt med den VA-ansvarlege i kommunen. Ved leidningsdiameter større enn 250 mm skal avstanden frå røyrliv til bygg/fastkonstruksjon ved normal leggedjup avtalast med VA ansvarleg i kommunen. Fundamenta til Byggverket skal ligge lågare enn underkant av den VA-leidningen som ligg djupast. Ved leidningsdjup større enn 2 m, dårlege grunnforhold, vanskeleg tilgjenge for gravemaskinar mv. må avstanden aukast. I bygater kan dette kravet vere vanskeleg å oppfylle. Kvart einskild enkelt anlegg må då vurderast i samråd med alle involverte partar.



Bildet synar trase for avløpsleidning som går i bakkant av eksisterande naust på gbnr. 21/1

Vurdering:

Teke til vitande. Det vil gjerast ei vurdering av om anleggets tilstand må vurderast med tanke på grunnforholda for å utelukka større avstandskrav (om leidningsdjup større enn 2 meter). Vidare vil utredningsfasen vise om det er mogleg å finne ei plassering av rorbu som ikkje kjem i konflikt med leidninga.

Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 15.01.2019

Planfagleg merknad

Det blir synt til at arealet i kommunedelplanen for Straumgjerde 2017-2028 er avsett til rorbuer og naust, og åtvarar mot å endre planar så kort tid etter at dei er vedtekne.

Vidare blir det synt til Landbruksmelding for Møre og Romsdal frå 2017, der det var vedteke at maksimal omdisponering av dyrkajord pr. år skal vere maksimum 200 dekar i året 2021. Det bes om at dette vert teke omsyn til ved utarbeiding av plan.

Elles visast det også til kommunedelplanen der det blir poengtert at ved bygging av rorbuer skal det framleis vere tilgjenge for ålmenta langs fjøra.

Automatisk freda kulturminne

Det opplyst om at fylkeskommunen vurderer planområdet til å ha potensial for funn av automatisk freda kulturminne knytt til busetjing og jordbruk frå bronsealder-jernalder, som ligg skjult under markoverflata. På grunnlag av dette vert det stilt krav om arkeologisk registrering, jamfør §9 i Kulturminnelova. Den arkeologiske registreringa må gjennomførast før den endelege plana eventuelt kan godkjennast. Fylkeskommunen ber om å få tilsendt revidert planområdet når dette er på plass, slik at dei kan utarbeide eit budsjett for den arkeologiske registreringa.

Det tilrådest at registreringa vert gjennomført så tidleg som mogleg i planprosessen.

Vurdering:

Ved detaljplanlegging av eit område er det ikkje alltid utbygging kan skje i samsvar med utbyggingsområde i overordna plan, men justerast noko. Kommunedelplanen er ein grovmaska plan. I samband med utarbeiding av plandokumenta vil det bli gjort ei vurdering av nødvendig areal til utbygging og planområdet blir redusert når planen blir lagt ut til offentleg ettersyn. Det blir ikkje lagt opp til å stengje ute ålmenta frå fjøra. Når ein har kome fram til nødvendig utbyggingsareal, vil plangrensa bli redusert og då bede om arkeologisk registrering.

NVE, datert 17.01.2019

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonal sektormyndede innanfor saksområda flaum- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE gjev råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

Ved oppstart av planarbeidet blir det rådd til at følgjande rettleiarar og verktøy blir nytta:

- [NVE sine karttenester](#) viser informasjon om flaum- og skredfare, vassdrag og energianlegg.
- [NVE rettleiar 2/2017 Nasjonale og vesentlige regionale interesser innan NVEs saksområder i arealplanlegging](#) skildrar korleis desse interessene bør takast i vare i planen, slik at ein unngår motsegn.
 - [NVE retningslinje 2/2011 Flaum- og skredfare i arealplanar](#) skildrar kva flaum- og skredprosessar som kan medføre fare, og korleis desse farane bør utgreiast og innarbeidast i planen.
 - [NVE si sjekkliste for reguleringsplan](#) kan være eit nyttig verktøy, for å sikre at alle relevante saksområde er vurdert.
 - Fleire nyttige rettleiarar og verktøy finnst på www.nve.no/arealplan.

I regi av NVE er det gjennomført skredfarekartlegging i bratt terreng for Sykkylven kommune. Det varsla planområdet ligg innanfor delområde 4 Tjønnesstranda – Ytre Tannstad i kartlegginga, og det er ikkje vurdert reell fare for skred for området.

NGU sitt lausmassekart syner at grunne i området er marin strandavsetning og breelv avsetningar. I område med marine avsetningar kan ein ikkje utelukke førekomstar av kvikkleire. Fare for områdeskred må vere eit tema i ROS-analysen. Det vert rådd til at prosedyre i NVE rettleiar «Sikkerhet mot kvikkleireskred» vert nytta så langt som naudsynt for å avklare skredfaren. I regi av NVE er det starta arbeid med kartlegging av kvikkleiresoner i Sykkylven, men arbeidet er ikkje ferdig. Kommunen har informasjon om arbeidet.

Delar av planområdet er utsett for fare for oppskylling av skredgenererte flodbølger, jamfør rapport 20151018-00-1-r frå NGI datert 21.02.2011. Areal som ikkje har tilstrekkeleg tryggleik mot slike skredgenererte flodbølger må syne i plankartet som med omsynssone. Til omsynssone må det knytast føresegn som anten set forbod mot utbygging eller set krav om risikoreduserande tiltak før eventuell utbygging kan finne stad.

I plandokumenta må det vere skildra kva vurderingar som er gjort og gå tydleg fram korleis omsyna er innarbeidd i planen. Det er viktig at alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde er vedlagt.

Vurdering:

Det er lagt inn omsynssone med føresegn om krav til byggjehøgde for ulike tryggleiksklasser i plandokumenta. I samband med graving i området er det ikkje registrert utfordrande byggjegrunn.

Bergens Sjøfartsmuseum, datert 21.01.2019

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum. Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Tandstadfjorå gbnr. 21/1 m. fl i Sykkylven kommune som kan bli direkte råka av reguleringa. Museet har difor ikkje merknadar til reguleringa.

Vurdering:

Teke til vitande.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 23.01.2019

Natur og miljøvern

Fylkesmannen rår til at det vidare planarbeidet tek omsyn til eksisterande kvalitetar i strandsona og at ein gjennom utviklingsrammer i plankart og føresegner legg til rette for løysingar som ikkje øydelegg desse. Kyst- og strandstrekningar er også attraktive for ferdsel og friluftsliv, og ålmenta skal sikrast tilgjenge til kvalitetane som høyrer til strandsona og kystmiljø. Vidare rår Fylkesmannen til at ein søker å konsentrere tiltak som båtopptrekk og vor i felles anlegg slik at ein unngår unødig inngrep i sårbare område.

Landbruk

Fylkesmannen oppmodar om at ein eventuell parkeringsplass vert plassert lengst sør i planområdet ved dei eksisterande nausta. Parkeringsplass og tilrettelegging av bilveg fram til rorbuene må ta minst mogleg dyrka jord. Det oppmodast vidare at matjorda vert teke vare på og nytta til nydyrking/arronderingsmessige tiltak til ein matprodusent i aktiv drift. Det visast til vegleiaren «Jordmassar – frå problem til ressurs». Vegleiaren skal liggje til grunn for gjennomføring av planen, og momenta frå vegleiaren skal inngå i føresegna til reguleringsplanen.

Resterande landbruksareal i planområdet må regulerast til landbruksformål, og Fylkesmannen varslar at dei vil vurdere motsegn til ei reguleringsplan som ikkje tilstrekkeleg tek vare på jordvernomsynet og jordressursen for framtidig matproduksjon.

Samfunnstryggleik og klimatilpassing

Fylkesmannen visar til at det må gjennomførast ein risiko- og sårbarhetsanalyse for planområdet, jf. plan- og bygningslova §4-3. Område med fare, risiko eller sårbarheit skal merkast av i kartet som omsynssone, jf. plan- og bygningslova §12-6. Det visast også til at tiltakshavar må vurdere om det er andre risiko- og sårbarhetsforhold som er aktuelle å vurdere som ikkje vart avdekket/diskutert i oppstartsmøtet.

Vurdering:

Tilrådingar blir teke til vitande og nytta i utforminga av planen. Det blir ikkje lagt opp til å stengje ute ålmenta frå fjøra. Ein vil i størst mogleg grad søkje å konsentrere tiltak som båtopptrekk og vor. Jordvernomsynet og jordressursen for framtidig matproduksjon vil bli teke omsyn til. Ei hensiktsmessig plassering av parkeringsareal vil bli avklart i samband med utarbeiding av plandokumenta.

Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 27.03.2019

Fylkeskommunen har sett nærare på saka etter mottak av justert planavgrensing. Det meste av dyrka jorda bil liggje utanfor planområdet. Med ny planavgrensinga vil det i realiteten berre vere veg og sjølve naustområdet som blir regulert. Ut i frå dette ser ein ikkje behovet for å stille krav om at det må gjennomførast arkeologisk registrering. Fylkeskommune fell frå krav om arkeologisk registrering. Ber likevel om at det blir synt aktsemd under opparbeiding av området og melder frå til fylkeskommunen dersom det blir gjort funn som kan vere av arkeologisk interesse, jamfør kulturminnelova. Ber også om at dei eldre båtstøene framom eksisterande naust blir teke vare på. Dette gjeld også dei eldre nausta. Det er usikker alder og verneverdi på desse, men ber om at dei blir sikra dersom desse er av kulturhistorisk eller miljømessig verdi. I såfall bør dei regulerast inn med omsynssone C.

Vurdering:

Teke til vitande. For vorane framfor nausta blir det lagt til rette for vedlikehald og det vil bli gjort ei vurdering av kulturhistorisk og miljømessig verdi av nausta.

Konklusjon

I all hovudsak blir merknadar til oppstart av planarbeid for detaljplan Rorbu Tandstadjørå R01 og NA1 teke til følgje i det vidare arbeidet.

Bjarte F Friisvold

Arealplanleggar

Mob. 974 89 987

Oseing.no

Vedlegg

1528-2018004 Detaljplan Rorbu Tandstadjørå, R01, NA1 - innkomne merknadar oppstart_2019.04.30